

Spelar saman med stjernemusikarane!

07.04.2011



Youngblood Jazzband (biletet) likte Brazzooka!

**Brazzooka har seint i kveld og inatt hatt ei stor og krevjande oppleving, dei har varma opp på Byscenen i Trondheim for bandet som trygt kan kallast førebileta for dei 9 dyktige ungdommane frå Stord, Rosendal og Uskedalen. Dei gjekk på scena rundt klokka 23 og spela fantastisk bra, lyder rapportane. Meir enn 300 høyrd på og dei ville ha ekstranummer.**



Youngblood og Brazzooka spelar saman i Trondheim (Foto: Trygve Torjusen)

Youngblood-musikarane var ikkje snaure enn at dei gav Brazzooka toppkarakter blant dei banda som dei har hørt spela etter deira "oppskrift". Så godt likte dei bandet at dei ville ha eit fellesnummer midt i sin eigen konsert. Dei spela 6-7 låtar under oppvarminga.

Stemningen var høg og dei relativt ferske musikantane frå våre kantar hadde ingen problem med å slå an tonen for stjernane i Youngblood Jazzband Live som er i Trondheim for første gong.

Brazzooka var oppvarmingsband nummer 3..

Då dei slapp til hadde allereie SKA-frika og

Brother K fått opp mykje av den rette stemningen, men Brazzooka auka han enda nokre steg. Det første bandet er heimehørande i Malvik og Stjørdal og omfattar 10 musikarar..

Brother K bstår av 8 som kjem frå Oslo og jazzlinja i Trondheim.

Og etter Brazzooka kom sjølvaste Youngblood Brass Band Live som har 9 musikarar frå ymse kantar av USA og som spelar progressiv musikk av verdsklasse. Det har vekt stor merksemd med ein blanding av funky blås, tøffe beats, poetiske ambisjonar og hip-hop-verkemiddel, står det å lesa i førehandsreklamen.

På våre kantar har dei altså fått nokre svært flinke elevar!

Av Ola Matti Mathisen